



KINN KOMMUNE

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 13. Mai 2020
STAD: Florø, 29 NM i Øklandsbygget i Florø
 Måløy, Einevarden på Rådhuset i Måløy
TID: Kl. 10.00 – 14.20

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet:

Bjørn Hollevik, leiar
Nils Myklebust, nestleiar
Kjell Heggen, medlem

Vara:

Bjarne Holme
Aud Norunn Vig
Helen Hjertaas. I sak 41.

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar
Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

Vestland revisjon:

Terje Førde, dagleg leiar.

Kinn kommune:

Kommunedirektøren ved Rolf Bjarne Sund. I sakene 28, 29, 35, 39 og deler av 41.
Teknisk sjef Frode Ellingsund. I sak 39.

Forfall:

Bente Frøyen Steindal, medlem.
Hanne Husebø Kristensen, medlem.
Rune Nilsen, vara fast møtande med talerett.

Møtet var leia av:

Bjørn Hollevik.

Desse møtte på møterommet i Florø:

Bjørn Hollevik, Bjarne Holme, Aud Norunn Vig, Terje Førde, Rolf Bjarne Sund.

Desse møtte på møterommet i Måløy:

Nils Myklebust, Kjell Heggen, Helen Hjertaas, Frode Ellingsund, Jorunn Sandal og Jostein Støylen.

SAKLISTE

- SAK 28/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 29/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 30/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 31/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I VÅGSØY 2019
- SAK 32/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 33/20 BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE FOR FORVALTNINGSREIVISJON
- SAK 34/20 REVISOR - ORIENTERINGAR
- SAK 35/20 KOMMUNEDIRKETØREN - UTFYLLING PÅ NYGÅRDSTANGEN I DEKNEPOLLEN – ORIENTERING
- SAK 36/20 ENGASJEMENTSBREV KINN KOMMUNE FRÅ REVISJONEN
- SAK 37/20 REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT KINN KOMMUNE
- SAK 38/20 REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT VÅGSØY KOMMUNE
- SAK 39/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK 043/20 VA-REKNESKAPEN
- SAK 40/20 EVENTUELL FORVALTNINGSREIVISJON – KONTROLL NORDFJORD HAVN IKS
- SAK 41/20 EVENTUELT

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	033	30.04.2020	13.05.2020	JSa

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene skal behandlast i slik rekkefølge: 28, 29, 35, 39, 40, 30, 31, 32, 33, 34, 36, 37, 38 og 41.

Det blei gjort vedtek om å ta opp følgande i sak 41 Eventuelt:

- Fotballhallen i Florø. Spørsmål til kommunedirektør blir teke etter orienteringa i sak 39. Deretter å ta opp til drøfting i sak 41.
- Utsetting av kontrollutvalsmøtet den 28.05.2020.
- Forhold Kontrollutvalet vil ta opp med Kommunedirektøren/Ordføraren.

2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren blei Kjell Heggen vald.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/20	049	30.04.2020	13.05.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.02.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.02.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/20	033&17	06.05.2020	13.05.2020	JS&KS

SKRIV OG MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.
2. Kontrollutvalet viser til Kontrollrapportar og årsrapportar 2019 vedkommande Skatteoppkrevjaren for Vågsøy Kommune og Flora Kommune, jfr. vedlegg 6 og 7. Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret v/ordføraren om å kontakte Finansdepartementet om korleis det er tenkt at rapporteringa til kommunane skal gjerast på skatteområdet, etter at skatteoppkrevjar-funksjonen blir overført til Staten i løpet av 2020.
3. Kontrollutvalet ber om å få resultatet av Fylkesmannen sitt tilsyn med tema Skulemiljø til eit av møta før ferien, jfr. vedlegg 4.

Vedlegg

1. Årsmelding for Flora kontrollutval 2019.
2. Tilsyn med Kinn kommune etter barnehagelova § 19g, retting av regelbrot, av 27.01.2020
3. Kinn kommune – avslutning av tilsyn barnehagelova § 19 g – tilrettelagt tilbud for barn med nedsett funksjonsevne, av 28.02.2020
4. Kinn kommune får tilsyn, av 30.01.2020
5. Kinn kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, av 26.02.2020.
6. Kontrollrapport og årsrapport 2019 for skatteoppkrevjaren. Flora kommune.
7. Kontrollrapport og årsrapport 2019 for skatteoppkrevjaren. Vågsøy kommune.
8. Frå bladet Kommunal økonomi, nr 3. 2020 – «Ny inkassolov raserer kommunal innkreving».
9. Dokument, av 24.02.2020 «Val av nytt varamedlem i Kontrollutvalet».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	033	30.04.2020	13.05.2020	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I VÅGSØY 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for Kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeida av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for Kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	033	30.04.2020	13.05.2020	KS/JS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for Kontrollutvalet 2020 til vitende.

I møtet

Kontrollutvalet sine innspel vert å innarbeide i plana.

Vedlegg

Årsplan for Kontrollutvalet 2020. Utarbeida av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagde årsplan for Kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/20	217	30.04.2020	13.05.2020	JS

BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet bestiller overordna analyse (risiko- og vesentlegheitsanalyse) av kommunen og verksemda i kommunen sine selskap i råd med ny kommunelov § 23-3 frå Vestland Revisjon KO. Kontrollutvalet forventar at analysen vert levert snarast råd etter sommarferien 2020.

I møtet

Dagleg leiar i Vestland Revisjon orienterte.

Grunnlag for saka

Ny kommunelov seier dette om forvaltningsrevisjon i § 23-3):

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Saksopplysningar

Som det går fram av lova omfattar no analysen også forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap. Årsaka til det er at kontrollen av kommunale tenester skal handsamast likt uansett om kommunen løyser oppgåvene sjølve eller om det blir gjort gjennom eit selskap.

Vestland Revisjon har fått munnleg tinging av overordna analyse. Ut frå det har ein forventning om at analysen vil ligge føre i løpet av våren 2020, sjølv om den formelle bestillinga først skjer no.

Det er forventa at den overordna analysen peikar på konkrete forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/20	216	30.04.2020	13.05.2020	JS

REVISOR – ORIENTERINGAR

Samrøystes vedtak

Orienteringane frå revisor vert teken til vitende.

I møtet

Revisor gjorde nærare greie for dei nemnde punkta under saksopplysningar. Særleg vart det peika på utfordringar med sein levering frå administrasjonen, som igjen fører til problem med at revisjonen rekk sine fristar for vidare levering. Det er nødvendig at tilgangar til datasystema er på plass til ei kvar tid.

Ein del aktuelle tilhøve som kom opp, vil Kontrollutvalet ta opp i sak 41 Eventuelt.

Vedlegg

Møtebok frå Vestland Revisjon KO av 06.03.2020.

Saksopplysningar

Revisor kan orientere kort om desse sakene:

- Revisortilgangar til Kinn kommune, VISMA, økonomi/rekneskap, løn/HRM, anleggsmul/investeringar, sak/arkiv-system.
- Revisor vart sletta som revisor for Vågsøy kommune og Vågsøy Sokn 10.02. Dette skapte store umiddelbare problem, då datoen var samanfallande med terminfristen for innlevering av refusjonskrava for momskompensasjon for 6. termin. 2019.
- Kommunen og Fellesrådet brev frå Skatteetaten, Refusjonskrava avvist frå Skatteetaten (aboslutte fristar for kravet)- meirarbeid for revisor (det ordna seg)
- Kommunerekneskapen for Vågsøy kommune for 2019 er levert seint til revisjon
- Kommunerekneskapen for Flora kommune for 2019 er levert seint til revisjon
- Kinn Kyrkjelege Fellestråd, årsrekneskapen for 2019
- Kyrkjeleg Fellestråd i Vågsøy, årsrekneskapen for 2019
- Fellesnemnda for Kinn kommune, prosjektrekneskapen/sluttrapporteringa for tilskotsmidlane
- Fellesnemnda for Kyrkjelege Fellestråd, tilskotsmidlar frå Fellesnemnda for Kinn kommune, innrapportering av middelbruken pr. 31.12.2019
- Rekneskapane for kommunale føretak (Flora kommune) for 2019
- Faktureringsgrunnlaget for VAR-sektoren i Kinn kommune..
- Møteboka frå Representantskapet i Vestland Revisjon, Val av Styre, m.m. – 06.03.2020. Sjå vedlegg
- Orienteringar frå møte i Avviklingsstyret (05.03.20) for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/20	047	30.04.2020	13.05.2020	JS

KOMMUNEDIREKTØREN – UTFYLLING PÅ NYGÅRDSTANGEN I DEKNEPOLLEN - ORIENTERING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren v/kommunalsjef Rolf Bjarne Sund til vitende, og ber om å bli fortløpande orientert om utviklinga i saka.

I møtet

- Ordførar har meldt kommunen for ulovleg utfylling.
- Kommunen har ikkje motteke tilbakemelding frå politiet.
- Tre ulike utgongar på saka:
 1. Vekklegging av saka p.g.a. beviset si stilling
 2. Utfylling etter plan og bygningslova
 3. Krav om fjerning og opprydding

- Fylkesmannen kjem med tilbakemelding. Dialogen med Fylkesmannen er konstruktiv

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at ein kan gå inn i saka no, men ber om fortløpande orientering frå kommunedirektøren.

Vedlegg

1. Fylkesmannen i Vestland, brev til kommunen dat.12.12.2019. Fråsegn til søknad om dispensasjon.
2. Fylkesmannen i Vestland, brev til kommunen dat. 17.02.2020. Avslag på søknad.
3. E-post korrespondanse Kinn kommune – Fylkesmannen. Av 07.02.2020, 30.01.2020 og 14.01.2020. Gjeld søknad om utfylling på Nygårdstangen i Kinn kommune.
4. Bilete Fylling.
5. Bilete Fylling.
6. Snitt i Fylling.
7. Bilde av fylling gnbr109/12.
8. Fyllingsplan.
9. Gjennomføringsplan
10. E-post frå kommunen til Fylkesmannen av 15.01.2020. Gjeld søknad om utfylling på Nygårdstangen i Kinn kommune.
11. Kontrollutvalssak 27/20 av 21.02.2020.
12. Artikkel i Fjordenes Tidende av 03.03.2020.
13. Dokument, av 06.03.2020. Anmeldelse fylling Nygårdstangen i Kinn kommune.

Saksopplysningar

På vegne av kommunedirektøren møter kommunalsjef for Samfunn, kultur og miljø Rolf Bjarne Sund for å orientere.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/20	033	06.05.2020	13.05.2020	JS

ENGASJEMENTSBREV KINN KOMMUNE FRÅ REVISJONEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Engasjementsbrevet frå Vestland Revisjon som er signert 24.04.2020 til orientering.

Vedlegg

Engasjementsbrev frå Vestland Revisjon med dokumentdato 24.04.2020.

Saksopplysningar

Vi viser vedlagde Engasjementsbrevet som vert lagt fram utan nærare saksbehandling.

Revisjonen vil stille i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/20	216	06.05.2020	13.05.2020	JS

REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT KINN KOMMUNE 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheitsvurdering til vitende.

Vedlegg

Revisor si vurdering av uavhengigheit av 24.04.2020

Saksopplysningar

Ny kommunelov og ny Forskrift om kontrollutval og revisjon stiller slike krav til vedkomande si uavhengigheit:

Kommunelova:

§ 24-4. Revisors uavhengighet og vandel.

«Revisor skal være uavhengig og ha god vandel».

Forskrifta:

§ 16. Krav til revisors uavhengighet.

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet».

Vestland Revisjon har i brev av 24.04.2020 v/oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor Asgeir Tveit gitt vurdering i samsvar med lovverket. Ein viser til brevet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/20	216	06.05.2020	13.05.2020	JS

REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT VÅGSØY KOMMUNE 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheitsvurdering til vitende.

Vedlegg

Revisor si vurdering av uavhengigheit av 24.04.2020.

Saksopplysningar

Ny kommunelov og ny Forskrift om kontrollutval og revisjon stiller slike krav til vedkomande si uavhengigheit:

Kommunelova:

§ 24-4. Revisors uavhengighet og vandel.

«Revisor skal være uavhengig og ha god vandel».

Forskrifta:

§ 16. Krav til revisors uavhengighet.

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet».

Vestland Kommunerevisjon har i brev av 24.04.2020 v/oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor Asgeir Tveit gitt vurdering i samsvar med lovverket. Ein viser til brevet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/20	047	07.05.2020	13.05.2020	KK/ JS

OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK 043/20 VA-REKNESKAPEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet bestiller følgjande oppdrag frå Vestland Revisjon Kommunalt oppgåvefelleskap:

1. Revisjonen gjennomgår grunnlagsmaterialet for sjølvkostrekneskapen for Vågsøy og Flora avlagt i desember 2019 innafor VA-området for å kunne stadfeste at dette, saman med dei konklusjonane som har vorte trekte, er i samsvar med gjeldande regelverk, m.a. sjølvkostforskrifta.
2. Kontrollprosjektet bør gjennomførast som forenkla etterlevingskontroll etter prinsippa i kommunelova § 24-9 og rapporterast til Kontrollutvalet ved attestasjonsuttale frå uavhengig revisor.
3. Sekretariatet og revisjonen får fullmakt til å avklare nærare omfang og tidsramme for kontrollprosjektet og gjere mindre tilpassingar i mandatet.

I møtet

Kommunedirektøren v/kommunalsjef Rolf Bjarne Sund og Teknisk sjef Frode Ellingsrud.

Særleg kom dette fram:

- Spørsmål om prosessen kring høyringa
- Kommunedirektøren er enig i kritikken i saka, noko ein må ta lærdom av
- Når noko (her satsar) vert sendt ut på høyring er det viktig at det vert gjort på ein forståeleg måte
- Det vart stilt spørsmål om kommunestyret sitt vedtak inneber mistru til kommuneadministrasjonen. Jfr. pkt. 3 under saksopplysningar
- Det vart presisert at det er viktig at det er tillit mellom politikarane og kommuneadministrasjonen
- Når kommunestyret bestiller ei kontrolloppgåve av Kontrollutvalet er det viktig at bestillinga er meir presis

Vedlegg

- Særutskrift av kommunestyresaka KOST-043/20 med vedlegg.

Saksopplysningar

Kinn kommunestyre handsama den 20.04.2020 sak om vass- og avløpsgebyr – endring av satsar, jfr. saksnr.: KOST-043/20. I denne saka vart det gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret foreslår alternativ 1 i kommunedirektør si saksutgreiing for 2020.
2. Dei nye satsane skal på høyring før endeleg vedtak.
3. Kommunestyret er usikker på om VA-rekneskapen frå Vågsøy og Flora er rett og ber kontrollutvalet sjå på saka og rapportere til kommunestyret.
4. Nye avgiftssatsar vil ikkje ha tilbakeverkande kraft.
5. Kommunedirektør skal så snart som råd legge fram forslag til kostnadsbesparende tiltak innan VA-området, og seinast i samband med revidert budsjett.

Kontrollutvalet bør sørge for snarleg iverksetjing av den kontrollgjennomgang som er nødvendig for å kunne uttale seg om VA-rekneskapen frå Vågsøy og Flora i høve til punkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak. I dette ligg at utvalet bør gjere vedtak om bestilling hos revisjonen.

I sak KOST-043/20 er det gjort greie for bakgrunnen for saka og orientert om kommunedirektøren sine alternative framlegg til vedtak.

Vurderingar

Det følgjer av vedlegg til saka at det m.a. er stilt spørsmål om i kva grad gebyr som i 2019 er utrekna, vedteke og kunnngjort i forskrift, kan endrast i 2020. Dette kan m.a. vere eit spørsmål om tolkinga av sjølvkostforskrifta og kva som ligg i omgrepet «beregningen av samlet selvkost for et tidligere år» (§ 7). KS Advokater ser ut til å tolke dette til kun å omfatte gebyrfeil som er innkrevd før 2020.

Når kommunestyret no ønskjer ein gjennomgang av gebyrgrunnlag før samanslåinga av tidlegare Vågsøy og Flora så har det også samanheng med at det til folkevalde og innbyggjarane var førespegla ein reduksjon i gebyra.

Når det gjeld den materielle delen av kontrolltiltaket kan det peikast på eit par tilhøve:

Det som m.a. vil vere aktuelt å sjå på er om det har vore utarbeidd kalkyler med kostnads- og inntektsoverslag for dei næraste fire åra for kvar av dei aktuelle sjølvkostområda. Kalkylane vil til vanleg ligge til grunn for kommunestyret sitt gebyrvedtak og politikarane sitt grunnlag ved rullering av økonomiplanen. Nærare kalkyler vil gjerne kome i tilknytning til kommunen sin årsrekneskap. Då vil eit sjølvkostrekneskap vise totale kostnader og inntekter for høvesvis vatn- og avløpstenestene i rekneskapsåret.

I sjølvkostrekneskap/kalkyler for vatn og avløp tek ein inn direkte og indirekte kostnader til drift, vedlikehald og kapital som gjeld produksjon og levering av tenestene. Det synest sentralt å få vurdert om kostnadssida er korrekt utrekna.

Det vert elles vist til kommunestyret si sak og vedlegga. Omfanget av oppdraget vil bli nærare drøfta i møtet.

Revisor sin gjennomgåing og rapportering bør kunne ha modell etter standarden «RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen». Denne er gjerne brukt når ein innanfor ei avgrensa ressursramme skal «forebygge svakheter og bidra til å sikre at kommunen følger sentrale bestemmelser og vedtak på økonomiområdet», jfr. uttale frå Norges Kommunerevisorforrening (NKRF).

Det vert føresett at revisjonen utleiar eigne revisjonskriterier for undersøkinga på grunnlag av ovanståande.

Kriteriene kan elles etter nærare vurderingar ta utgangspunkt i følgjande modell:

- Kommuneadministrasjonen skal utarbeide forkalkylar for sjølvkost på området for vatn- og avløpstenestene og legge desse fram for kommunestyret i samband med rullering av økonomiplanen. Som grunnlag for kommunestyret sine gebyrvedtak bør forkalkylane innehalde overslag over forventade gebyrinntekter i kommunen, samt direkte og indirekte kostnader på høvesvis vatn- og avløpssektoren for dei næraste tre til fem åra.
- Etter utløpet av rekneskapsåret skal kommuneadministrasjon setje opp etterkalkyler for vatn- og avløpstenestene og leggje desse fram for kommunestyret saman med årsrekneskapen.
- Kommunen sine direkte og indirekte kostnader til drift, vedlikehald og kapital som kan førast til produksjon og levering av vatn- og avløpstenester, skal leggjast til grunn for utrekning av gebyr som skal innkrevjast frå tenestemottakarane.
- Overskot på sjølvkosttenestene vatn og avløp skal avsetjast til bunde fond og brukast til inndekning av eventuelt underskot på tenestene seinare år.
- Underskot på sjølvkosttenestene vatn og avløp skal dekkas inn gjennom auke av brukarbetalingar i den grad det ikkje er dekning på bunde fond til formålet.

Det er elles naturleg at sekretariatet har høve til å gjere tilpassingar i mandat m.m. utan å måtte gå tilbake til Kontrollutvalet.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/20	217	07.05.2020	13.05.2020	JS

EVENTUELL FORVALTNINGSREVISJON – KONTROLL NORDFJORD HAVN IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet sender saka over til revisjonen for vurdering av forvaltningsrevisjon i samband med utarbeiding av overordna analyse for forvaltningsrevisjon.

I møtet

Nils Myklebust meiner han er inhabil. Han viser til at han har blitt kjent inhabil då Vågsøy Kommunestyre behandla forvaltningsrevisjonen. Han grunngjev dette med sitt tidlegare verv i Nordfjord Hamn, samt engasjementet sitt i saka.

Kontrollutvalet vedtok at Nils Myklebust var inhabil. Jf. Forvaltningslova § 6. 2 lekk – andre særlege forhold.

Nils Myklebust forlet møtet og varamedlem Helen Hjertaas tok plass.

Vedlegg

Kommunestyresak 085/19 i Vågsøy.

Vedlegga til saka er ikkje lagt ved, men følger som uprenta vedlegg.

Saksopplysningar

Kort oppsummering av saka

Kontrollutvalet i Vågsøy bestilte saman med dei andre eigarkommunane (Selje, Stryn og Gloppen) ein selskapskontroll (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon) av Nordfjord Havn IKS med Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kommunestyra i eigarkommunane hadde prioritert ein slik kontroll i si plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019.

Rapporten låg føre våren 2019.

Når kontrollutvalet i Vågsøy hadde prosjektplanen til behandling bad dei revisjonen vurdere:

- om det mogleg å ta ein gjennomgang av vedtak, kontraktar og avtalar for å klarlegge om selskapet sin praksis er i tråd med Hamn- og farvatn-lova, samt anna lovverk

Revisjonen kom ikkje Kontrollutvalet i møte på dette punktet.

Når rapporten vart kjent fekk sekretariatet/kontrollutvalet tilbakemeldingar frå tidlegare havnerådsleiar Nils Myklebust. Tilbakemeldinga gjorde at det vart innhenta opplysningar frå ein del sentrale personar som har og har hatt med hamna å gjere. Det var usemje om påstandane. Sjå kommunestyresaka som ligg ved.

Dåverande rådmann Knut Ove Leite kom også med ei tilbakemelding som gjorde at Vest Kontrollutvalssekretariat og Kontrollutvalet vart betenkte:

«Det viktigaste i det Nils Myklebust skriv er tilhøva rundt det som har skjedd med industriområdet i Barstadvika. Det burde vore sett på om her er ulovlige subsidiering av ein aktør og om nokon næringsaktørar sit på begge sider av bordet, dvs om ein sel areal til hamna og er festar av det etterpå»

Kontrollutvalet i Vågsøy la saka fram for kommunestyret med tilråding i samsvar pkt. 1 og 2, pkt 3. kom som tillegg etter benkeforslag i kommunestyret:

1. Kommunestyret tek rapporten av 11.03.2019 frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Nordfjord Havn IKS, med Hamnestyret sitt tilsvaret i sak H01/19, til vitande.
2. Kommunestyret i Vågsøy ber om at Kontrollutvalget/Kommunestyret i Kinn gjer vedtak om, eventuelt saman med dei andre eigarkommunane, ein ny-/oppfølgingskontroll i 2020 av Nordfjord Havn IKS. Kontrollen bør leggje særleg vekt på disposisjonar som selskapet har medverka til når det gjeld industriområdet i Barstadvika, samt oppfyljing av tilskottsvilkåra for fiskerikaier.
3. Siden Barstadvika er foreslått teke opp som oppfølgingskontroll, er det rimelig at heile prosjektet frå oppstart til i dag blir gjennomgått.

Selje kommunestyret gjorde vedtak i samsvar med Vågsøy kommunestyre sitt pkt. 1 og 2.

Rapporten frå revisjonen

I rapporten kjem det fram at Nordfjord Havn IKS har forbetningspotensiale på ein del område. Ein viser her til kommunestyresaka.

Oppsummering

I ein eventuell ny kontroll av Nordfjord Havn IKS bør flg. kontrollerast:

- Oppfølging av om dei tilhøva som er peika på i forvaltningsrevisjonsrapporten er følgd opp
- Kontrollen bør leggje særleg vekt på disposisjonar som selskapet har medverka til når det gjeld industriområdet i Barstadvika, samt oppfyljing av tilskottsvilkår for fiskerikaier. Når det gjeld Barstadvika må heile prosjektet frå oppstart til i dag (12.12.2019 då Kommunestyret i Vågsøy behandla saka) gjennomgåast.

Ein eventuell ny kontroll av Nordfjord Havn IKS bør vurderast i samband med overordna analyse – plan for selskapskontroll for inneverande planperiode/valperiode.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/20	033	06.05.2020	13.05.2020	JSa

EVENTUELT

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet flyttar møtet den 28.05.2020 til den 03.06.2020.
2. Når det gjeld Fotballhallen i Florø ber Kontrollutvalet Kommunaldirektøren kome med skriftleg svar på dei spørsmåla som vart stilte i møtet, jf. pk 2 nedanfor. Svara må sendast til Vest Kontrollutvalgssekretariat innan fredag 5. juni, slik ein får dei med på utvalet sitt møtet 17.06.2020.
3. Kontrollutvalet kallar inn ordførar og kommunedirektør til møtet 17.06.2020 for å ta opp enkelte tilhøve, jfr. pkt 3 nedanfor.

I møtet

1. Flytting av kontrollutvalsmøtet den 28.05

Bakgrunnen er at nokre rekneskap og årsmeldingar ennå ikkje er ferdige. Møte i veke 23 gjer at det er større muligheit til å få handsama rekneskapa i tide slik at ein rekk behandling i Formannskapet og Kommunestyret før ferien.

2. Fotballhallen i Florø

Kommunedirektøren v/Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund svara så langt som råd på følgjande spørsmål som vart reiste i møtet:

1. a) Kor tid var det sendt ut anbodspapir?
b) Kor tid var kontrakt inngått?
c) Hadde dei tilgjengeleg midlar på oppstartstidspunktet?
2. Er bruken av slike midlar i tråd med tekstdelen i budsjettet for 2020?
3. Er vilkåra for å søke Vestland Fylkeskommune om utbetaling i brev av 04.05.2020 med ref. nr. 20/256-20/12583/MADK, i tråd med vilkåra for slik utbetaling?
4. Er det høve til å ta i bruk gåvemidlar til oppryddinga når gåvene er tiltenkte bygging av sjølve fotballhallen? Er dette i tråd med anna lovverk? Jamført brev frå Adv. Odd Hylland til Vågsøy Kommune i samband med Nordfjordbadet og bruk av gåvemidlar frå private.
5. Er avtalen med gåvegjevar politisk klarerte og juridisk godkjente?
6. Er det krav om eit eige oppstartsvedtak i kommunestyret før oppstart av delprosjekt i dei tilfella prosjekt er fordelt over fleire år i økonomiplanen?

Sund opplyste at formannskapet vil få orientering 14.05.2020.

Kontrollutvalet vil be om meir skriftleg orientering og evt. munnleg på eit seinare møte og ber kommunedirektøren stille i dette møtet.

3. Tilhøve Kontrollutvalet vil ta opp med kommuneadministrasjonen

1. Sein utlegging av saksdokument til enkelte kommunale møter
2. Det går lang tid før møtebøker blir ferdige og lagt ut
3. Sletting av revisor frå tilgangar til datasystem
4. Sein respons til revisor og Kontrollutvalgssekretariatet på spørsmål.
Dette får konsekvensar for vår muligheit til å halde våre fristar
5. Rutinar for journalføring av post, m.a. e-post
6. Manglande oppfølging av førespurnader og purring frå publikum
7. Kvifor blir postlister på heimesida sletta etter ½ år?
8. Kven har bestemt å ta i bruk Øklandsbygget i Florø?
9. Kva er status vedkommande rapportar frå Arbeidstilsynet om avvik:
 - Nepjarhaugen Barnehage
 - Nyheimsvegen Barnehage
 - Kulatoppen Omsorgssenter
 - Skram Skole
 - Gymsal Florø Barneskule
 - Brannstasjonane i Florø og Måløy

Nummerrekka er sett for identifisering, ikkje i prioritert rekkefølge.

Møtet slutt.

Bjørn Hollevik.
Leiar

Kjell Heggen
Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret i Kinn**
Vestland Kommunerevisjon
Kommunedirektøren til orientering
Ordføraren til orientering